



Statsforvalteren

i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Vår dato:

21.05.2025

Vår ref:

2022/6025

Dykkar dato:

Dykkar ref:

SAMFUNN OG INFRASTRUKTUR HEMSEDAL
KOMMUNE
Hemsedalsvegen 2889
3560 HEMSEDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mabel Katrine Seland Trovum, 22003589

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2024 - Hemsedal kommune

Hemsedal kommune har avvik i eigenkontrollrapporteringa for 2024. Trøim reinseanlegg har avvik frå sekundærreinsekravet på grunn av ei 100 %-overskriding for KOF_{CR}.

Vi gjer kommunen merksame på at dersom avvik ikkje blir retta opp, kan dette medføre avgrensingar for ønskt utvikling i kommunen, då det ikkje kan koplast til ytterlegare abonnentar til avløpsanlegg som ikkje overheld krava i forureiningsregelverket jf. plan- og bygningslova § 27-2 og forureiningslova § 7.

Kommunen skal betala eit gebyr på 5 200 kroner for vårt arbeid med eigenkontrollrapporten. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Rapporterings skjema for 2025 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2026.

Vi viser til eigenkontrollrapportar og årsrapportar for Hemsedal kommune sitt leidningsnett, Trøim reinseanlegg og Ulsåk reinseanlegg for rapportåret 2024.

Leidningsnett til Trøim reinseanlegg

Hemsedal kommune har rapportert at det er 6 installerte nødoverløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg, og ingen regnvassoverløp. For 2024 har de rapportert om 1 722 m³ avløpsvatn og 5,2 kg fosfor i overløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg. Dette er ein reduksjon samanlikna med 2023, då det vart rapportert om 1 931 m³ avløpsvatn og 15,6 kg fosfor i overløp på leidningsnettet til Trøim reinseanlegg.

Hemsedal kommune rapporterer at det er 990 innbyggjarar og 1 430 fritidsbustader tilknytt avløpsnettet til Trøim reinseanlegg i 2024.

E-postadresse:
sfospost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Pb 325
1502 Moss

Besøksadresse:
Moss: Vogts gate 17
Drammen: Dr. Hansteinsgate 9
Oslo: Stensberggata 27

Telefon: 69 24 70 00
www.statsforvalteren.no/os
Org.nr. 974 761 319



Kommunen skriv i skjemaet for årsrapportering at innlekk på leidningsnettet er ein utfordring. Kommunen sine berekningar viser at mengda framandvatn i 2024 utgjer 34 %. Videre skriv kommunen at det ved revisjon av hovudplan for avløp vil bli fastsette mål for delen framandvatn.

Trøim reinseanlegg

Det er for 2024 rapportert at Trøim reinseanlegg har teke imot og behandla 258 848 m³ avløpsvatn, og at det ikkje har vore utslepp via overløp på reinseanlegget. Mengda avløpsvatn har auka sidan 2023, då det vart rapportert om 234 907 m³ avløpsvatn motteke og behandla. Utsleppsmengda av fosfor frå reinseanlegget har vore på 85 kg i 2024. Dette betyr at kravet til maks restutslepp på 320 kg fosfor i året er overhaldt for rapporteringsåret 2024 (100,6 kg frå leidningsnett og reinseanlegg samanlagt).

Trøim reinseanlegg klarar reinsekrava for fosfor på 93 % i 2024. Reinsegraden er berekna til 95,88 % for fosfor. Anlegget klarar også reinsekravet for BOF₅, då alle enkeltanalysar overheld anten konsentrasjons- eller reinseffektkravet.

Kommunen har eit tilstrekkeleg tal enkeltprøver som overheld anten kravet om reinseffekt på 75 % eller maks utsleppskonsentrasjon på 125 mg O₂/l for KOF_{CR}. Det blir tillate at tre enkeltprøver ikkje overheld krava når det blir teke mellom 17 og 28 prøver jf. forureiningsforskrifta § 14-13. Det er berre éi prøve som ikkje overheld krava i 2024. Denne prøva er likevel ei 100 %-overskriding av reinsekrava, som vil seie at utsleppskonsentrasjonen har vore over 250 mg O₂/l, samtidig som reinseffekten har vore lågare enn 75 %. Slike overskridingar er å rekne som eit avvik frå sekundærreinsekravet i seg sjølv. Dette betyr at Trøim reinseanlegg ikkje overheld sekundærreinsekravet i 2024. Kommunen overheldt heller ikkje sekundærreinsekravet i 2023 (dette var på grunn av ei 100 %-overskriding for BOF₅). For at sekundærreinsekravet skal vere overhalde, må både reinsekrava for BOF₅ og KOF_{CR} vere oppfylte. Dette betyr at avviket fra sekundærreinsekrava er gjentakande, og vanlegvis ville vorte vurdert som eit alvorleg avvik. Vi merkar oss likevel at kommunen har analysert 18 prøver for KOF_{CR} i rapportåret. Minstekravet i forureiningsforskrifta § 14-11 er at 12 prøver skal analyserast for KOF_{CR} for avløpsanlegg mellom 1 000 og 10 000 pe. Prøva som viser ei 100%-overskriding for KOF_{CR} er datert 27.03.2024, som er i maksveka. Vi er positive til at kommunen tek ekstra prøver i maksveka, og avviket på sekundærreinsekravet er ikkje å rekna som eit alvorleg brot.

Den aktuelle 100 % overskridinga av sekundærreinsekravet vart ikkje varsla til Statsforvaltaren i samsvar med forureiningsforskrifta § 14-14. Dette vart påpeika under forureiningstilsyn ved avløpsreinseanlegget den 25.04.2024. Kommunen opplyser i skjemaet for årsrapportering at de no har oppdatert rutineane for varslings til Statsforvaltaren ved slike avvik.

Dimensjonerande kapasitet for Trøim reinseanlegg er oppgitt til å vere 14 000 pe (BOF₅). Kommunen har rapportert at den berekna maksvekebelastninga i 2024 var 12 863 pe (BOF₅). Kommunen kommenterer den høge maksvekebelastninga i skjemaet for årsrapportering og skriv at belastninga avvik vesentleg frå pe-kartlegginga gjennomført i 2023 der det vart avdekt ei belastning på ca. 7 740 pe i maksveka. Årsaka til dei høge verdiane er at det i perioden januar til april og dessutan september – oktober vart sleppt på avløpsvatn frå ei næringsmiddelbedrift. Kommunen opplyser om at de gav pålegg til verksemda om å stansa industripåsleppet i oktober 2024 og at de heller ikkje vil tillata dette påsleppet i framtida. Basert på dette forventar kommunen meir normal belastning på rundt 8 000 pe i maksveka i 2025. Statsforvaltaren presiserer at dersom maksvekebelastninga held fram med å vera over 10 000 pe (BOF₅), stiller forureiningsforskrifta § 14-11 krav til at det blir teke minimum 24 prøver per år.



Vi ser at mengda BOF_5 og KOF_{CR} tilført reinseanlegget har auka jamt sidan 2021. Statsforvaltaren observerer vidare ein kraftig auking i nitrogen tilført og sleppt ut frå reinseanlegget i 2024, samanlikna med tidlegare år. Kommunen beskriv i e-post datert 22.04.2025 at tidlegare år har det ikkje vore analysert på Tot-N, då dette ikkje er eit krav. På grunn av planlegging av nytt avløpsreinseanlegg med nitrogenreinsing, har kommunen frå og med 2024 analysert på nitrogen. Kommunen opplyser om at det er teke totalt 17 døgnblandprøver for nitrogen. Videre er sju av 17 døgnblandprøver tekne ut i maksveka, noko som vil gi eit feilaktig bilete av tilført mengd/utsleppsmengd for nitrogen. Statsforvaltaren tek denne informasjonen til atterhald.

Tilbakemelding på resipientovervakingsrapport

Statsforvaltaren viser til årsrapport for resipientovervakning av Hemsil ved Trøim reinseanlegg for 2024, utarbeidd av Rambøll v/Embla Østebrot.

Rapporten stadfestar at det i 2024 blei gjennomført totalt seks prøvetakingar av resipient. Resultata er lagt inn i Vannmiljø. I rapporten er metodar og resultat presenterte på ein oversiktleg måte, og det er gjort vurderingar av tilstand og påverknad. Det er også gjennomført ei samanlikning med data frå tidlegare år.

Det skal i samsvar med overvakingsprogrammet takast begroingsalgeprøvar kvart tredje år. Ettersom dette vart gjennomført i 2023, skal det gjennomførast neste gong i 2026.

Vi tek årsrapporten for resipientovervakning av Hemsil ved Trøim reinseanlegg til orientering.

Andre kommentarar

Hemsedal kommune har i søknad datert 06.11.2020 søkt Statsforvaltaren om nytt løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Trøim reinseanlegg. Statsforvaltaren har i brev datert 12.09.2023 bedt kommunen om å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i søknaden sin om nytt løyve, då det er behov for ei høgare ramme for løyvet for å dekkja forventa tilførsel i maksveke. Søknaden som per i dag berre gjeld for Trøim reinseanlegg ligg arkivert i eiga sak med saksnr. 2020/37759. Statsforvaltaren har tidlegare stadfesta at Hemsedal kommune må søkje om utsleppsløyve for det samla utsleppet frå heile «*tettbebyggelsen*» (jf. definisjon i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k).

Statsforvaltaren fatta vedtak om pålegg om utgreiing av kommunens handlingsrom for å få på plass nitrogenreinsing som reinseløysning for avløpsvatnet frå Tuv-Trøim *tettbebyggelse*, i brev datert 27.11.2024. Hemsedal kommune har klaga på vedtaket. Klagesaka blir behandla i sak 2020/37759.

Konklusjon

Hemsedal kommune har rapportert utfyllande for 2024. Rapporteringa viser at kommunen har avvik frå krav i utsleppsløyvet i 2024. Trøim reinseanlegg klarer ikkje sekundærreinsekravet på grunn av ei 100% - overskriding for KOF_{CR} .

Vi merkar oss også at det har vore ei ekstra høg maksvekebelastning i 2024, og minner om at dersom framtidig maksvekebelastning er over 10 000 pe (BOF_5), må kommunen sikra at det blir teke eit tilstrekkeleg tal prøver av avløpsvatnet.

Vi gjer kommunen merksame på at dersom avvik på reinsekrava ikkje blir retta opp, kan dette medføra avgrensingar for ønskt utvikling i kommunen, då det ikkje kan koplast til ytterlegare abonnentar til avløpsanlegg som ikkje overheld krava i forureiningsregelverket jf. plan- og bygningslova § 27-2 og forureiningslova § 7.



Utover kommentarane over, tek vi eigenkontrollrapporten og årsrapporten for 2024 til atterhald.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>.

Rapporteringsskjema for 2025 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2026. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggst som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering heiter «Avløp – årlig rapportering». Skjema kan de finne i vårt skjemabibliotek: [Skjema og tjenester | Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus](#).

Eigenkontrollrapportens data om årlege utslepp for reinseanlegg vil bli lagt ut på nettstaden «Norske Utslipp» i juni 2025. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsanlegg/?SectorID=100>.

Gebyr for sakshandsaminga

Vi gjer merksam på at det vil bli kravd gebyr for sakshandsaming av eigenkontrollrapportane, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-5 Gebyr for arbeid med eigenkontrollrapportar, som vart teke inn i forskrifta i 2023. Gebyret er på 5 200 kroner per eigenkontrollrapport.

For Hemsedal kommune er det i dette brevet gitt tilbakemelding på éin eigenkontrollrapport. Gebyret vil derfor utgjera 5 200 kroner.

Miljødirektoratet ettersender faktura.

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelingen

Mabel Katrine Seland Trovum
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent